

Supplerande innspel i etterkant av synfaring RSK. NVE ref: 202320330 og NVE ref: 201913014

## Gjennomføring synfaring

Eg deltok på dag 2 av synfaringa på RSK-anlegget.

Det går rykter om at fleire berre tilfeldig fekk vite om synfaringa eller ikkje fekk vete om den før etterpå. Dermed kunne dei ikkje møte eller møtte lite førebudd. Dersom dette stemmer, betyr det at viktige forhold kan vera utelatt og ikkje belyst.

Gjennom synfaringa kom det fram viktige innspel og inntrykk, men for mange var det og tydeleg vanskeleg å ta ordet slik det var lagt opp.

Ein dag er strengt tatt alt for lite når ein skal gå igjennom magasineringa for 2% av den norske kraftproduksjonen. Mange inntak, magasin og tørrlagde elveløp vart ikkje nemnt. Ein burde som eit minimum bruke busstransporten mellom stoppestadane til eit grundig informasjonsprogram.

Den store ulempa som flest er belasta med knytt til RSK-anlegget, er risiko knytt til Votna, Røldalsvatnet og særleg i og rundt Valldalen.

I Valldalen er det og behov for ytterlegare synfaring:

-Valldalen vinter/vår: Ein må føla på kroppen for å forstå dei reelle psykologiske og fysiske barrierene ein må forsere for å passere dalen vintertid. Det er mange hundre faktorar ein må ta inn i likninga slik drifta av anlegget utviklar seg.

-Båt til austsida av Valldalsvatnet sommartid.

Status er at gjennomførte synfaringar ikkje bidreg til at NVE får eit rett eller tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag. Dette må følgjast opp.

## Viktige tema i vidare prosess

### 1. Ferdsel og tryggleik

På synfaringa stadfesta Lyse at dei ikkje ser på dei regulerte vatna som framtidige ferdsselsårer. RSK-anlegget har tatt ifrå oss dei trygge områda i dei nærmaste områda rundt bygda. NVE er ansvarleg myndighet for aktsomhetskart for flaum, skred osv. og det er lett å sjå kva me er etterlatt med. Kor er dei kompenserande tiltaka?

Før RSK-utbygginga var Valldalen eit aktivt friluftsområde med jakt, landbruk, stølsdrift og turisme. Lokale innbyggjarar og turistar vart fortrengde høgare opp og innover i terrenget, bl.a. vart DNT hyttene Middalsbu og Hellevassbu etablert som erstatning til Valldalssæter som vart liggande under HRV. Middalsbu/Hellevassbu er svært dårlege erstatningstiltak om tilkomsten gjennom Valldalen er stengt. Det er mange utilsikta følgefeil som oppstår når ein byggjer eit anlegg som tek så lite hensyn til omgjevnadane og det etablerte. I 2025 er det allereie langt på overtid at staten tek tak og ordnar opp der skoen trykker mest.

Kravet om sikker og stabil tilkomst står sterkare enn nokon gong. Det er mykje ein kan leva med, men å ha ei konstant uro for liv og helse er ikkje akseptabelt under nokon omstende. Det er Lyse sitt anlegg som øydelegg for trygg ferdsel, og dette må rettast opp gjennom revisjonen og skjerpast ytterlegare om det vert gjeve grønt ljos til pumpekraft og effektkøyring.

Lyse ønskjer ei permanent løysing med trase «over nuten» (700–1030 moh.). Dette er problematisk og vil bl.a.:

- Flytta ferdsel frå område utan villrein til område med årvisse førekomstar av villrein(vår, sommar og haust).
- Skapa ny uforutsigbarheit med mogleg stenging for å skåne reinen.
- Stri mot villreinforvaltninga sine planar, der andre område skal vernast og derfor blir Valldalen ein viktigare innfallsport.
- Gje ein bratt og verutsett trase med nye vesentlege faremoment som t.d. svekkjer friluftsliv og landbruksnæringa.

Ruta over nuten er ei løysing som ikkje er god i eit samfunnsperspektiv. Den beste løysinga ligg i dalbotnen, slik òg Ullensvang kommune og Røde Kors har påpeika. Eg har lagt ved eit skriv frå Røde Kors som påpeikar beredskapsetatane sine alvorlege dilemma når Valldalen ikkje har ein trygg og stabil tilkomst(vedlegg 1).

Vidare må NVE syte for:

- At det vert gjort eit større arbeid for å dokumentere eksisterande framkommeleight og farar. Kva vurderingar gjer politi og beredskapsleiinga når dei skal mobilisere mannskap i området? Kva løysingar vil skape ein trygg og forutsigbar tilkomst gjennom årstidene.
- Synfaring vinter/tidleg vår.
- Synfaring med båt til austsida av Valldalsmagasinet.

## **2. Landbruk**

Røldal sin eksistens var basert på landbruk i fleire tusen år. Fulldyrka areal låg i dalbotnen, medan fjella var beiteområde. 640 dekar dyrka mark gjekk tapt i Valldalen, og i dag er det knapt husdyr att i bygda. Landbruket brakk ryggen då areala vart lagt under vatn.

Dette må rettast opp gjennom målretta tiltak i revisjonen og eventuelt gjennom ei fornying av anlegget. Landbruk er ikkje teke med i rapportane.

## **3. Kultur og stølskultur**

Valldalen var på 1950-talet det mest produktive stølsområdet i landet. Etter utbygginga har ingen forsøk på attreising lukkast. Norsk stølskultur er no utrydningstrua og del av UNESCO si verdsarvliste.

To forhold hindrar reetablering av stølsdrift i Valldalen:

- Eksisterande reguleringsregime i Valldalen. Nye planar vil forverre tilkomst.
- Manglande straum. Ironisk nok vart Valldalen lagt under vatn for å skaffe straum til industrien, medan næringslivet som skulle reetablerast over HRV ikkje fekk ta del i dette. FN peikar på straum som ein grunnleggjande føresetnad for sosial og økonomisk utvikling.

RSK-utbygginga har øydelagt meir kultur og kulturlandskap enn noko annan norsk kraftutbygging. Hundrevis av kulturminne ligg i Valldals- og Votnamagasinet, og vil bli ytterlegare råka av utvasking om det vert noko av pumpekraftplanane.

#### **4. Økonomiske vurderingar**

Lyse sin konsesjonssøknad har store hol, særleg når det gjeld Røldal:

Verdifall på eigedomar som følgje av inngrepa.

Statsforvaltaren har påpeika manglande utgreiing av landbruk.

Manglande utgreiing av kva utbygginga kostar lokalsamfunnet i form av tapt utviklingspotensial, tilskot, offentlege tenester og busetnad. Kva vil ei så grov utbygging medføre av begrensingar for å utvikle restressursane i og rundt bygda Røldal? Dette er heilt grunnleggjande spørsmål som høyringspartar og beslutningsmyndighet må ha kunnskap om.

#### **Kor går vegen vidare?**

Eg er positiv til å utvikla vassressursane lokalt. Det er svært gledeleg at Lyse har vilje til å utvikle RSK-anlegga. Dessverre er eksisterande planar om pumping og effektkøyring mellom dei tre største magasina umodne og medfører ikkje akseptable konsekvensar for Røldal.

Søknadane må setjast på vent og ein må tilbake til teiknebordet. Berre dei beste løysingane er gode nok når ein skal utvikle så stor del av norsk kraftproduksjon.

På eit noko tidlegare tidspunkt i prosessen presenterte Lyse for lokalbefolking i Suldal ei skisse på moglege utviklingsplanar. Dette innebar bl.a. å føre vatn frå Votnamagasinet direkte mot Suldal. Ut i frå min kunnskap om forholda lokalt, så er dette eit langt betre spor å jobbe ut ifrå for å utvikla anlegget med ein meir skånsam profil. Kanskje også i kombinasjon med noko pumping frå Valldalsmagasinet. Dette kunne lagt grunnlaget for ei drift av anlegget som ville gjort forholda meir stabile og trygge i dei to magasina som gjer størst skade for Røldalsbygda.

Noreg har ca. 1200 regulerte innsjøar. Det er ikkje gjort heilsakaplege vurderingar av kva reguleringsregime dei ulike er eigna for.

Røldalsvatnet, Votna og Valldalsvatnet er ikkje eigna som reine pumpe- og effektverk på grunn av lausmassar, erosjon, villrein, kulturminne og her er allereie alt for store belastningar for folk og natur.

#### **Historisk perspektiv**

Lyse meinar alle forbetingstiltak er for dyre. Det same sa Hydro på 1960-talet. Med fasit i hand så veit me at anlegget var nedbetalt på ca fem år. Den gong var det eit overgrep å drukne Valldalen. I dag, med den kunnskapen me har, vil det vere eit endå større overgrep om operatøren ikkje må tilpasse anlegget til tradisjonell bruk av natur og utnytting av ressursane.

Anlegget slik det er – og slik det er planlagt utvikla – legg til rette for djupe konfliktar og sår som aldri gror. No må NVE styre skuta inn på rett lei elles er eg redd denne saken aleine vil bidra til uoppretteleg skade og sette samfunnet si satsing på fornybare energikjelder langt tilbake.

Helsing

Nils Petter Rabbe